



Masfjorden kommune

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

2020 – 2023



«Alle som oppheld seg i Masfjorden kommune
skal leve sine liv i tryggleik utan vald»

Innhold

1.0	Bakgrunn	5
2.0	Planarbeidet	5
2.1	Visjon	5
2.2	Føremålet med planen	5
2.3	Målgruppe	5
3.0	Avgrensing og definisjonar	6
3.1	Avklaring av problemområdet.....	6
3.2	Traume	6
3.3	Definisjon av omgrep	7
3.4	Inndeling av ulike omgrep av vald.....	7
4.0	Omfang	8
4.1	Særlig sårbare grupper	8
4.1	Barn og unge 0- 18 år	8
4.2	Barn som er vitne til vald.....	9
4.3	Gravide kvinner	9
4.4	Eldre personar (over 65 år)	9
4.5	Personar med nedsett funksjonsevne.....	10
4.6	Personar med utviklingshemming.....	10
4.7	Personar med psykisk og/eller rusutfordringar	10
4.8	Den som utøver vald	10
4.9	Æresrelatert vald	11
5.0	Førebygging	11
5.1	Ulike førebyggjande tiltak	12
5.2	Folkehelseperspektivet	13
6.0	Lokale tenester og ressursar	13
6.1	Politi.....	13
6.2	Fastlege.....	14
6.3	Legevakt.....	14
6.4	Krisesenter.....	14
6.5	Psykisk helseteneste.....	15
6.6	Barnevernet.....	15
6.7	Barnehagar og skular.....	15
6.8	Helsestasjon	15

6.9	Heimetenesta/sjukeheim/ bu – og avlastningstenesta.....	16
6.10	NAV.....	16
7.0	Ressursar i spesialisthelsetenesta, regionale og nasjonale.....	16
7.1	DPS Bjørgvin	16
7.2	BUP Bjørgvin.....	17
7.3	Overgrepsmottak.....	17
7.4	Regionale ressursar	17
7.5	Nasjonale ressursar	17
7.6	Vern for eldre	17
7.7	Nettressursar	17
7.8	Familievernkontoret.....	18
7.9	RTVS.....	18
	7.9.1 <i>Handbok for helse og omsorgspersonale ved mistanke om barnemishandling</i>	18
8.0	Formelle bestemmelsar.....	18
8.1	For helsepersonell	18
	8.1.1 <i>Teieplikt</i>	18
	8.1.2 <i>Opplysningsplikt</i>	19
	8.1.3 <i>Meldeplikt</i>	19
	8.1.4 <i>Avvergeplikt</i>	19
	8.1.5 <i>Opplysningsrett og teierett</i>	19
8.2	Barnehage, skule, SFO og andre forvaltningsorgan	20
	8.2.1 <i>Teieplikt</i>	20
	8.2.2 <i>Opplysningsplikt</i>	20
	8.2.3 <i>Meldeplikt</i>	20
	8.2.4 <i>Avvergeplikt</i>	20
	8.2.5 <i>Opplysningsrett og teierett</i>	20
9.0	Mål og tiltak handlingsplan	22
9.1	Hovudmål	22
	9.1.1 <i>Delmål 1: Oppdage og melde vidare</i>	22
	9.1.2 <i>Avdekking og avverging</i>	22
	9.1.3 <i>Delmål 3: Oppfølging av behandling</i>	22
9.2	Eksisterande, førebyggjande og behandlande tiltak i Masfjorden kommune	23
9.3	Tiltak.....	23
	9.3.1 <i>Tiltak 1: Årlege halvdags- eller heildags kompetansehevingseminar</i>	23

9.3.2 Tiltak 2: Utarbeide handlingsrutinar, prosedyrar, sjekklister, rettleiar m.m.....	23
9.3.3 Tiltak 3: Lage oversikt over oppfølgings-/behandlingstilbod lokalt og regionalt.....	23
9.3.4 Tiltak 4: Lokal tals-/støtteperson.....	24
10.0 Tiltakskort.....	24
10.1 Tiltakskort barn og unge (0 - 18 år)	24
10.2 Tiltakskort vaksne (frå 18 år).....	26
11.0 Kontakttelefonar	26

1.0 Bakgrunn

Vald og overgrep i nære relasjonar er eit alvorleg samfunns- og folkehelseproblem. Vald vil kunne avgrense dei einskilde sin livsutfolding, livsglede og livskvalitet, og mulighet for å ta aktiv del i samfunnet. Det er viktig å ha fokus på vald fordi det er knapt noko som er meir verksamt enn vald når det gjeld å bryte ned eit anna menneske. Vidare er fokuset viktig fordi vald i nære relasjonar er straffbare handlingar, og det er i strid med norsk lov og grunnleggjande menneskerettar.

I Regjeringa sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2014 – 2017 «Eit liv utan vald» blir kommunane oppmoda til å utarbeide kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. Det vart framheva at kommunale handlingsplanar er viktige reiskapar for å sikre at både valdsutsette og utøvarar av vald får eit tilrettelagt og heilskapleg hjelpetilbod. Regjeringa starta i 2019 arbeidet med ny nasjonal handlingsplan om vald i nære relasjonar, då denne valden framleis har eit betydeleg omfang. Handlingsplanarbeidet vert leia av justis- og beredskapsdepartementet.

I St.melding nr 26 (2014 -2015) «Fremtidens primærhelsetenester – nærhet og helhet» går det fram at Regjeringa vil forsterke arbeidet for å utvikle tenestene innan vald i nære relasjonar, tydeliggjere ansvar i lov, auke kompetanse og gjere dei kommunale helse – og omsorgstenestene betre i stand til å avdekke og bekjempe overgrep.

Kunnskap og kompetanse om vald i nære relasjonar er ei viktig føresetnad når det gjeld å iverksette gode tiltak, avdekke valden og ivareta valdsutsette på ein rett måte. Kunnskap og kvalitet er avgjerande for god kvalitet i tenestene.

Masfjorden kommune utarbeidde ein handlingsplan for vald i nære relasjonar i 2013. Dette er ei revidering og ei oppdatering av denne handlingsplanen.

2.0 Planarbeidet

2.1 Visjon

«Alle som oppheld seg i Masfjorden kommune skal leve sine liv i tryggleik – utan vald»

2.2 Føremålet med planen

Føremålet med planen er å følgje opp tidlegare handlingsplan og sikre at kommunen har handlingskompetanse til å førebyggje, avdekke og stoppe vald i nære relasjonar mot personar i alle aldrar.

Skal ein kunne nå målet og følgje opp visjonen, må ein gi kommunen, den einskilde etat og den einskilde tilsette naudsynt handlingskompetanse når det gjeld å førebyggje, avdekke og stoppe vald i nære relasjonar. Det handlar om å utvikle den enkelte sin evne til å omsette teori, erfaringar og forståing til målretta handlingar.

2.3 Målgruppe

Målgruppe for planen er alle som oppheld seg i Masfjorden kommune. Planen har todelt målgruppe – primær målgruppe og sekundær målgruppe.

Primær målgruppe er alle einingane i kommunen som møter barn, unge, vaksne og eldre. Tiltak skal gjere dei kompetente og trygge i å sjå og avdekke vald, samt gi adekvat hjelp til dei som treng det – gjerne i samarbeid med relevante samarbeidspartar.

Sekundær målgruppe vil vere dei som er valdsutsette, som vil trenge hjelp.

3.0 Avgrensing og definisjonar

Denne planen byggjer på nasjonale føringar, noko som igjen får føringar for det lokale arbeidet. Omgrepet «vald i nære relasjonar» omfamnar eit stort felt, og difor er det gjort nokre relevante avgrensingar.

Planen omfattar ikkje tiltak mot mobbing, fordi dette er eit området som blir arbeidd med både i skule og barnehage, der kommunen har vore med på ei nasjonal satsing innan dette tema, og kor ein har særskild lovgjeving om trygt og godt skulemiljø i § 9A i Opplæringslova.

Planen har ikkje med tiltak når det gjeld økonomisk vald.

Planen har heller ikkje med tiltak i høve tvangsekteskap og kjønnslemlestelse.

3.1 Avklaring av problemområdet.

Vald i nære relasjonar handlar om vald der den valdsutsette og valdsutøveren er knytta til kvarandre gjennom nære familieband. Dei kan vidare stå i eit avhengig tilhøve eller tillitstilhøve til kvarandre, eller kan på anna måte bety mykje for kvarandre i kvardagen.

Vald er ikkje eit einsarta fenomen. Det kan vere ulike former for vald, og valden kan vere uttrykk for ulike maktkonstellasjonar og undertrykkingsmekanismer, og valden kan finne stad i ulike nære relasjonar. Som omgrep famnar det eit stort problemområde, og det krev ulike tiltak for å førebygge, verne og hjelpe den som vert usett for, og som opplever vald.

3.2 Traume

Ordet Traume er gresk og tyder «sår» eller «skade». Psykologiske traumar er eit omgrep som ein brukar for dei samla skadeverknadane det gjev å oppleve påkjenning som er så skremmande og intense at det er umogleg å integrere dei i eiga historie, eller ha levande minne om hendingane. Individet klarer på den måten ikkje å verkeleggjere eller ta inn over seg hendinga, og denne sine konsekvensar. Eit resultat av dette er at individet må spalte av det som er vondt, og mange opplever i stor grad usamanheng i livet. Dette fører til psykisk uhelse. Største skaden er når ein opplever at dei ein er mest avhengig av, vert den ein fryktar mest. Dette er heilt sentralt både innanfor volds- og traumefeltet.

3.3 Definisjon av omgrep

Per Isdal (2000) definerer vald som;

«Vald er enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom denne handlingen skader, smerter, skremmer, krenker, får den personen til å gjøre noe mot sin vilje eller å slutte å gjøre noe den vil»

«Vold i nære relasjoner favner all vold mellom familiemedlemmer. Det kan være vold mellom nåværende eller tidligere partner, vold mot barn eller vold mot eldre. Også tvangsekteskap og kjønnslemlestelse regnes som former for vold i nære relasjoner»

Definisjon på nære relasjonar:

«Nære relasjoner er primært avgrenset til den vanlige kjernefamilien og rett nedadgående eller oppadgående slektslinjer, men kan også omfatte personer som inngår i husstanden eller som vedkommende har et emosjonelt eller familiært forhold til»

3.4 Inndeling av ulike omgrep av vald

Fysisk vald er alle fysiske handlingar som skader eller kontrollerer eit anna menneske. Det kan til dømes vere slag, spark, lugge, skubbe, biting, knivstikking, binde fast, brennmerke, kvelartak, angrep med ulike gjenstandar. All fysisk mishandling inneheld og psykisk mishandling.

Psykisk vald er all bruk av ord, stemme, handling eller mangel på handling som kontrollerer, skadar eller krenker ein annan. Det kan til dømes vere utskjelling, direkte truslar, indirekte truslar, isolering, gjentakande sårande kritikk, ignorering, audmyking, utagerande sjalusi, framsette feil anklager og forhøyr.

Seksuell vald utført for å krenke, audmjuke og kontrollere eit anna menneske. Den kan til dømes vere uønskja seksuell berøring, påtvinge seksuell aktivitet, smertefull seksuell aktivitet, valdtekt, sadistiske seksuelle handlingar, påtvinge seksuell aktivitet med andre og påtvinge seksuell aktivitet mens andre ser på. Den seksuelle valden er svært psykologisk nedbrytande fordi den rammar det mest private hjå eit menneske.

Materiell vald går ut over ting og gjenstandar. Dette inkluderer til dømes å knuse eller å øydelegge vindauge og dører, kaste gjenstand (på nokon), øydelegge ting som andre er glade i og som betyr noko for dei, rive sund klede, kaste og rasere inventar. Dersom vedkomande tidlegare har utøvd fysisk vald, vil den materielle valden virke skremmande og lammande.

Latent vald omgrepet latent vald betyr at ein lever i konstant frykt for nye valdsepisodar (Isdal, 2012). Livet er ofte prega av ein gjennomgåande angst og utryggleik, ikkje berre under ein valdsepisode, men og mellom episodane. Både barn og vaksne utviklar strategiar i forhold til å unngå

nye valdsepisodar. Risikoen for vald blir difor styrande for kva dei føretek seg. Fokuset blir retta mot alle teikn på at ein ny episode er i gong.

Digital vald gjennom bruk av sosiale mediar er eit aukande problem. Digital vald kan til dømes brukast til å komme med truslar, utstøyting og psykisk vald. Dette kan utførast anonymt og gjennom offentlege mediar.

4.0 Omfang

Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) gjorde ein omfangsstudie om vald og valdtekt i 2014. Den syner at like mange menn (16,3%) som kvinner (14,4%) rapporterte mindre alvorleg partnervald nokon gonger i livet. Mindre partnervald handlar om kniping, kloring, lugging eller å bli slått med flat hand. Fleire kvinner (8,2%) enn menn (1,9%) hadde vore utsett for alvorleg vald frå partner. Alvorleg vald omhandlar sparring, bli tatt kvelartak på, eller bli banka opp.

Studien «En uke med vold» frå NKVTS, publisert august 2017 viser at det er ein auke i valdssaker i høve den tidlegare målingar. Den viser og at det er auke i saker som har vore i kontakt med fleire instansar. Vidare viser den at det er auke i saker der den utsette er gut/mann, sjølv om det er kvinner som utgjer den største andelen. I saker som gjeld kvinner, er det psykisk vald som er den hyppigaste årsaka til at kvinner kontaktar hjelpeapparatet, tett følgt av fysisk vald. For menn er det fysisk vald som er årsak til kontakt.

Blant barn som er utsett for vald i nære relasjonar er det omtrent like mange av kvart kjønn. Fysisk vald er den vanlegaste valdstypen barn er utsett for, deretter følgjer psykisk vald. Forelder og steforelder utgjer 80% av utøvarane i saker som omhandlar vald om barn (NKVTS 2017)

Når det gjeld vald i nære relasjonar i Masfjorden kommune har ein ikkje samla oversikt på dette. Masfjorden kommune er ein liten og oversiktleg kommune, og det er av den grunn heller ikkje rett å antyde omfang.

Masfjorden kommune har utarbeida folkehelseoversikt.

[FOLKEHELSEOVERSIKT 2019.pdf](#)

[Statistikkgrunnlag folkehelseoversikt Masfjorden kommune 2019.pdf](#)

4.1 Særleg sårbare grupper

4.1 Barn og unge 0- 18 år

Vald mot barn og unge er ei folkehelseutfordring. Vald mot barn og unge vert ofte omtalt som eit underkommunisert samfunnsproblem. Temaet har vore, og er framleis, forbundet med tabu, skam og skuld og det vert teia vekk. Heimen og familien er den arenaen der barn skal vere trygge. Denne arenaen er på same tid den plassen der valden skjer, i det skjulte og utan at det vert oppdaga. Ein konsekvens av dette er at barn og unge utviklar helsemessige, sosiale og kognitive vanskar.

Vald frå nære omsorgspersonar vert ofte beskrive som eit tilknytningstraume der barnet ikkje har noko plass å gå til for å få trøst og vern når dei treng det. Spedbarn og små barn er ei særleg utsett gruppe.

Valden sin største skadeverknad er frykta den påfører barnet. Barnet utviklar ein alarmberedskap som har store skadeverknader. Å leve med kronisk frykt og i konstant beredskap er svært skadelig for barn og unge. Valden er alvorleg fordi den påfører barnet systematisk angst, eller dødsangst, det bryt ned sjølvbiletet og handlingsrommet. For barn som er utsett for vald, er faren aldri over, dei lever i konstant hyperaktivering. Dette kan gi utslag i blant anna konsentrasjonsvanskar og reguleringsvanskar.

Det er dei aller minste barna som tek mest skade av å vere indirekte utsett for vald, og det er ikkje berre i form av eventuelle fysiske skadar. Vald og traume er særleg skadelig når hjerne og nervesystem er under utvikling, og traumatiske opplevingar dei fyrste leveåra kan medføre skader på sentrale hjernestrukturar som fyrst kjem til syne i puberteten.

4.2 Barn som er vitne til vald

Barn som er vitne til vald kan og bli skada. Skadeverkanden av å leve i ein familie der det føregår vald, tilsvarer det å bli direkte utsett for vald. Vald mot mor er difor å sjå på som vald mot barn. Barn og unge som er vitne til vald, kan bli utsett for sterke sanseintrykk. Dei kan sjå eller høyre at ein av foreldra vert slått, ropar om hjelp, skrik, inventar som vert kasta, møblar som vert knust. Dei vil kunne oppleve sterk angst for at ein av foreldra skal verte skada eller drept, eller at dei sjølv eller søsken kan bli det. Desse barna opplever og i stor grad å vere åleine, då valden ofte er skjult for omverda. Barn som opplever vald mellom foreldra vert på denne måten prega for livet, difor er vald mot ein forleder også vald mot barn.

4.3 Gravide kvinner

Gravide som gruppe er ikkje meir utsett for vald enn kvinner elles. Men gravide som tidlegare har vore utsett for vald eller seksuelle overgrep, kvinner som har eit uynskt eller ikkje planlagt svangerskap, og svært unge gravide er svært sårbare i å bli utsett for vald i svangerskapet. Det å oppleve skuld og skam vert forsterka av kvinna sitt ansvar for fosteret og det sosiale stigma valden medfører. Kvinne bør få spørsmål om vald når dei vert følgt opp under svangerskapet, og dei må få individuell oppfølging når vald og overgrep vert avdekka. Dette handlar om å ta vare på kvinna og fosteret, fordi vald heilt klart kan påverke fosteret si utvikling.

4.4 Eldre personar (over 65 år)

Vald i nære relasjonar og vald mot eldre er eit underkommunisert samfunnsproblem. Førekoststudiar frå vestlege land indikerer at 2-4% av befolkninga i denne gruppa vert utsett for vald og andre overgrep årleg.

Vald mot eldre kan vere fysisk, psykisk, seksuelle eller økonomiske overgrep, også omsorgssvikt. Det kan handle om både enkeltepisodar eller gjentekne handlingar som kan både skade, gi naud og liding

for den som er utsatt. Valden kan skje i heimen, hjå slektningar eller på institusjon. Den som utøver vald er gjerne ein den eldre har tillit til, er knytt til og er avhengig av. Vald og overgrep mot eldre skjer i alle lag i befolkninga, og det rammar begge kjønn.

Mange opplever stor skam for det dei er utsett for, andre igjen meiner det er ei familiesak, ei privatsak, som dei vegrar seg for å snakke med andre om. Dersom valdsutøvarer er eigne barn eller barnebarn, kan det vere ekstra vanskeleg å be om hjelp til å verne seg. Dei kan vere redde for at valden vert verre om dei melder frå.

4.5 Personar med nedsett funksjonsevne

Vald mot personar med nedsett funksjonsevne ser ut til å vare over lengre tid, enn det som er vanleg mot personar generelt. Denne gruppa kan ha avgrensa kommunikasjonsferdigheiter og avgrensa muligheit til å flykte i ein valdsituasjon. Personar med nedsett funksjonsevne er utsett for fleire risikofaktorar enn personar generelt, dette fordi dei er avhengig av andre, både familie og offentlege tenester. Det at ein er avhengig av andre utgjer ein klar maktforskjell, og på den måte vil ein og vere meir sårbar. Personar med nedsett funksjonsevne lærer å lye vaksne, og får av den grunn mindre trening i å sette eigne grenser og komme med eigne ynskjer.

4.6 Personar med utviklingshemming

Det finst lite kunnskap om omfang av vald mot denne gruppa, men ein reknar med at vald mot denne gruppa er større enn i befolkninga generelt. Menneske med utviklingshemming vert i dei fleste samanhengar rekna som meir sårbare mot vald og overgrep. Ein av grunnane til dette kan vere den intellektuelle og mentale kapasiteten. Det kan og vere manglande kunnskap om grensesetting og eigen fysisk integritet. Det kan difor vere vanskeleg for dei å forstå at det har skjedd overgrep. Valden desse vert utsett for, rammar ofte på den arena dei burde vere trygge på, og vert utøvd av menneske dei skulle ha gode relasjonar til. Det at ein er avhengig gjer det vanskeleg å melde frå kva dei er utsett for.

4.7 Personar med psykisk og/eller rusutfordringar

Personar med psykiske lidningar eller rusrelaterte utfordringar kan ha ein høgare risiko for vald enn andre. Desse gruppene har ofte store helse utfordringar, som kan vere resultat av tidlegare vald og traume, genetisk sårbar eller negative livshendingar.

4.8 Den som utøver vald

Det er ingen enkle modellar for å forstå eit valdssystem i ein heim. Det kan vere ein valdeleg ektemann, ei valdeleg kone, ein valdeleg ektemann og ei kone som tek igjen med vald, eit par som jevnbyrdig brukar vald, ein valdeleg far som utøver vald mot barn, ei valdeleg kone som også er ei valdeleg mor. Det kan vidare vere syskenvald, eller vald mot eigne foreldre.

Per Isdal (2000) meiner at ein valdsutøvar regulerer eigen frykt, angst og eit sviktande sjølvblide ved å kontrollerer sin partner. Dei tenkjer ikkje sjølv at dei er spesielt redde eller usikre, men dei meiner at partnaren ikkje er til å stole på. I ein slik familiestruktur vert det etablert eit voldssystem i heimen – der valdsutøvaren ynskjer kontroll for ikkje å bli svikta og der partneren lever i konstant alarmberedskap og utryggleik.

Når ein tenkjer behandling for gruppa valdsutøvarar, må ein forstå at valden handlar om valdsutøvaren sin måte å regulere kjensle på. Valden har ikkje oppstått på grunn av familieproblem, men det bli skapt familieproblem av dette valdsystemet.

4.9 Æresrelatert vald

Ære er eit spørsmål om velferd, status og posisjon. Den blir knytta til ei gruppe, og den enkelte i gruppa har ansvar for felles ære. Bli «reglane» brotne av ein eller fleire, mistar ein æra. Handlingane til ein person rammar heile gruppa.

Æresrelatert vald «overgrep som begås mot familiemedlemmer som ikke tilpasser seg storfamiliens krav om fortsatt å tilhøre opprinnelseslandets normer og tradisjoner»

Æresvald er blandt annet; tvangsekteskap, utstøtelse, kontroll/isolasjon, æresdrap, dumping, eksil, fysisk og psyksisks vold, tvang til selvmord

5.0 Førebygging

God førebygging av vald vil spare samfunnet for både individuelle og økonomiske kostnader. Førebygging er utfordrande å dokumentere, og gevinsten av førebyggjande tiltak blir ikkje synleggjort før etter tid. Ofte blir det førebyggjande arbeidet nedprioritert i høve dei meir akutte og synlege behova. Det er difor behov for ein heilskapleg både – og –innsats, der førebygging, tidleg identifisering og intervensjon, behandling og rehabilitering, -føregår samtidig.

Det er ein menneskerett å leve utan å bli utsett for vald i nære relasjonar. Vald i nære relasjonar er straffbare handlingar på lik linje med vald som skjer i andre samanhengar. Beskytting frå det, er difor eit samfunnsansvar, og ikkje ein privatsak. Målet om eit samfunn fritt for vald i nære relasjonar kan ein kun nå gjennom å ha med seg både rettslege, sosiale, økonomiske og likestillings- og helserelevante perspektivet.

Alle kan ringe og drøfte anonymt med barnevern eller barnehuset for å få råd og rettleiing, utan at ein treng å anmelde.



Finn Skårderund har uttrykt at «Forebygging i bunn og grunn handler om å lage trygge unger».

Dei næraste til å hjelpe barn og unge med å utvikle indre tryggleik og på den måten eit sterkare «mentalt immunforsvar» vil primært vere deira foreldre, barnehagetilsette og tilsette i skulen. Trygge foreldre, barnehagetilsette og lærarar, skaper tryggare barn. Under tryggleik i form av trygg tilknytning til dei næraste omsorgspersonane, har difor betydning for utvikling av ei god psykisk helse. Den indre tryggleiken er og avgjerande for sjølvfølelsen til barn og unge; sjølv fundamentet for oppfatning av oss sjølv og korleis me har det. Ei trygg tilknytning bidreg til at barn og unge utviklar tillit til at vanskelege tema kan delast med andre og at andre vil dei vel. Utryggleik hemmar derimot læring og meistring. Det kan og føre til at vanskelege livssituasjonar i mindre grad delast med andre.

Tillit til omverda er ein føresetnad for å be om og å motta hjelp, når det er behov for det. Det er godt kjent at personar som blir utsett for vald, ofte ikkje deler dette med andre. For at barn og unge skal tørre å sei frå om utsetting av vald, må vaksne vise seg som trygge tillitspersonar overfor barn og unge. Dei bør formidle at dei tåler å ta imot det barn og unge eventuelt har å fortelje. Vidare, må barn og unge få informasjon og opplæring om vald i nære relasjonar, slik at dei har den naudsynte kunnskapen om det dei kan bli utsett for/har blitt utsett for. Det viser blant anna at barn som tidleg har blitt informert om kropp og seksualitet, blir i mindre grad utsett for seksuelle overgrep seinare. Dei vil og i større grad varsle vaksne om overgrep, viss dei blir utsett for dette. Dei har og høgare seksuell debutalder og brukar i større grad beskytting for uynskt graviditet.

5.1 Ulike førebyggjande tiltak

Førebygging føregår på fleire nivå og innan ulike sektorar i Masfjorden kommune. Det er vanleg å skilje mellom tre nivå i førebygging (jf. folkehelse); Universell, selektiv og indikativ førebygging.

Universell førebygging betyr tiltak som er retta mot heile befolkninga, eller undergrupper (t.d skulebarn) som ikkje er definert ut frå risikovurdering. Effekten skal komme alle i befolkningsgruppa

til gode, og førebygging kan vere både system og grupperetta. Eit eksempel på eit universelt førebyggjande tiltak kan vere at alle barn i barnehage og skule, får opplæring om kropp, seksualitet og vald i nære relasjonar. Informasjon til store befolkningsgrupper har ofte ein bevisstgjerrande og synleggjerrande effekt.

Selektiv førebygging betyr tiltak som er retta mot undergrupper der ein antar at det er ein risiko for uheldig utvikling, det vil sei grupper som er eksponert for risikofaktorar. Eksempel på selektiv førebyggjande tiltak kan vere samlivskurs, foreldre kurs for dei som nyleg har gjennomgått samlivsbrot, eller grupper for barn med to heimar. Det kan og vere informasjon om vald i nære relasjonar til antatt risikogrupper, eller screening av gravide i høve til utsetting av vald under svangerskap.

Indikativ førebygging betyr tiltak som er retta mot enkeltindivid med identifisert risiko, symptomter og/ eller diagnosar. Det vil og sei tidleg identifisering av uønskt utvikling/sjukdom og tiltak blir sett inn for å hindre uønskt utvikling. Indikativ førebyggjande tiltak vil og handle om tiltak for å stoppe vald og redusere skadeeffekt for dette, hjå personar som alt har vore utsett eller vitne til vald i nære relasjonar.

Tiltak kan, og bør, setjast inn på alle tre nivå. Det er viktig å vere bevisst i høve kva tiltak som blir sett inn, samt kven desse tiltaka er retta mot, dersom ein skal vurdere effekt av tiltaka på sikt.

5.2 Folkehelseperspektivet

Den nasjonale handlingsplanen «Et liv utan vold» vektlegg betydninga av universelt førebyggjande tiltak, det vil sei tiltak som er retta mot heile befolkninga. Det handlar om å løfte fram betydninga av forhold på tvers av samfunnssektorarar; som for eksempel levekår, barnehagar, skule – og læringsmiljø, arbeid og arbeidsmiljø, frivillig deltaking og forhold i nærmiljøet. Det er samanheng mellom befolkninga sine levekår, sosial ulikskap og utsetting for vold.

Folkehelseperspektivet på psykisk helse betyr ikkje at fokuset kun skal rettast mot risikofaktorar, men at det like mykje må rettast mot helsefremmande faktorar som sosial støtte, deltaking og meistring. Ein befolkning der alle i størst mulig grad er inkludert i fellesskapet, vil kunne komme alle til gode, også når det gjeld førebygging av vald. Verdens helseorganisasjon (WHO) har utpeika voldsførebyggjande arbeid og forskning om vald, særleg mot kvinner og barn, som eit prioritert folkehelseområde.

6.0 Lokale tenester og ressursar

6.1 Politi

Politiet er sentrale når det gjeld å førebyggje og kjempe mot vald i nære relasjonar. Politiet sine oppgåver er å førebyggje, verne, etterforske og følgje opp saker som omhandlar vald i nære relasjonar. Politiet kan og hjelpe til med tiltak som kan verne den utsette med; valdsalarm, besøksforbod, kontaktforbod ved dom, adressesperre.

Masfjorden kommune høyrer inn under Nordhordland politidistrikt, noko som gjer at det kan ta tid med utrykking til Masfjorden ved akutte hendingar.

Tlf. Politiet nødnr: **112 - 02800**

Politiet – Politiet.no

Nordhordland lensmannskontor tlf. **56355670**

E-post: post.vest@politiet.no

[Nordhordland lensmannsdistrikt](#)

6.2 Fastlege

Frå juni 2001 vart fastlegeordningar innført i Norge. Alle innbyggjarane som i folkeregisteret er registrert som busett i ein kommune, har rett til ein fastlege. Fastlegen er hovudkontakten inn i helsevesenet. Fastlegen har ei viktig rolle når det gjeld å avdekke og sørge for at dei som er utsett for vald, eller er utøvar av vald, får relevant oppfølging og behandling, gjerne i tett samarbeid med til dømes psykisk helse.

Masfjorden kommune har 2 fastlegar, 1 ALIS lege og 1 turnuslege som til saman har ansvar for kommunen sine innbyggjarar. Dei er og ansvarlege for legevaktberedskap i kommunen på dagtid.

Telefon Masfjorden legekantor: 56 16 63 00

6.3 Legevakt

Alle kommunar har ei ordning med legevakt for augeblikkeleg hjelp heile døgnet. Ved å ringe **116 117** kjem du i kontakt med legevaktssentralen i det området du oppheld deg. Masfjorden kommune er med i Nordhordland legevakt saman med alle kommunane i Nordhordland. Legevakta er lokalisert i Knarvik.

Telefon legevakt: 116 117

6.4 Krisesenter

Lov om kommunale krisesenter kom i januar 2010. Lova pålegg alle kommunar å vere tilknytta eit krisesentertilbod. Kommunane skal sørge for eit godt og heilskapleg tilbod til kvinner, menn og barn som er utsett for vald, eller truslar om vald i nære relasjonar. Krisesenteret har ei særleg oppgåve med å ivareta valdsutsette sin tryggleik og sikkerheit i ein sårbar situasjon. Krisesenteret er eit døgnopen lågterskeltilbod. Masfjorden kommune er knytta til Krisesenteret i Bergen kommune, som er eit samarbeid mellom 24 kommunar i Hordaland.

KRISESENTERET gir og akutthjelp. Telefonnr. til Krisesenteret for Bergen og omegn er: 55315050

[Krisesenteret i Bergen sine nettsider](#)

Dinutvei.no - Nasjonal veiviser ved vold og overgrep

6.5 Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste er ein del av det kommunale helsetenestetilbodet for menneske i krise, eller som har psykiske utfordringar. Psykisk helse har samarbeid med fastlege, krisesenter og andre relevante samarbeidspartar – også innan spesialisthelsetenester.

Det er ikkje naudsynt med henvisning for å ta kontakt med psykisk helse.

Telefon psykisk helse: 56166324/56166322

6.6 Barnevernet

Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under tilhøve som kan skade deira fysiske eller psykiske helse får rett hjelp og omsorg til rett tid. Hjelpetiltak frå barnevernet er i utgangspunktet frivillige, men i nokre tilfelle kan foreldre verte pålagt å betre barn sin omsorgssituasjon. Barnevernet kan og tilby foreldrestøttande tiltak for å skape varige endringar.

Masfjorden kommune er med i interkommunalt barnevern med Gulen kommune, der Gulen kommune er vertskommunen. Barnevernet er lokalisert på Hosteland.

Alle kan ringe barnevernet ved bekymring, og drøfte saker anonymt for å få råd og rettleiing.

Telefon barnevernet: 57782060

[Bekymringsmelding til barnevernet - privat melder ...](#)  

[Bekymringsmelding til barnevernet - offentlig tilsette...](#)  

6.7 Barnehagar og skular

Dei fleste barn går i barnehage før dei startar på skulen, og barn brukar mykje av tida si i barnehagen og på skulen. Barnehage og skule har ei sentral rolle når det gjeld å avdekke vald og overgrep mot barn og unge, inkludert barn og unge som opplever vald i familien. Det er også viktig å tydeleggjere det ansvaret tilsette i barnehagar og skular har når det gjeld å melde bekymring til barnevernet. Det same ansvaret ligg hjå PPT.

Masfjorden kommune har 3 offentlege barnehagar og 3 barne- og ungdomskular. Det vidaregåande skuletilbodet er primært i Knarvik og Austrheim.

6.8 Helsestasjon

Helsestasjon er heilt sentralt når det gjeld å møte barn frå dei er i mors liv og framover i barne- og ungdomstida. På den måten er dei også sentrale når det gjeld å avdekke vald og overgrep.

Helsesøstertenesta fylgjer helsestasjonsprogrammet som er anbefalt av Helsedirektoratet, der dei i

alle konsultasjonar med barn og foreldre skal gjere generelle observasjonar og sjå etter teikn på vald, overgrep og omsorgssvikt.

Jordmor i svangerskapsomsorga brukar screeningsskjema kor ein spør om vald, frå partner eller andre. Det er frivillig å svare på dette.

Skulehelsetenesta både på barne – og ungdomsskulane er sentrale i arbeidet for å betre dei utsette barna sin situasjon.

Fysioterapeut og helsestasjonslegar gjer generelle observasjonar og har meldeplikt ved mistanke om vald eller omsorgssvikt.

Helsestasjon er lokalisert på Hosteland saman med legekantoret.

Telefon helsestasjon: 56166313

6.9 Heimetenesta/sjukeheim/ bu – og avlastningstenesta

Heimetenesta og sjukeheimen møter mange eldre i kommunen, anten som mottakar av heimesjukepleie eller som bebuar på sjukeheim. Ein veit at vald mot eldre skjer, men det er vanskeleg å avdekke, det er eit skjult tema og det er tabubelagt.

Bu – og avlastningstenesta har kontakt med personar som har nedsett funksjonsevne, både i bufellesskap og heimebuande.

Frå denne delen av tenesta er det viktig med kunnskapsheving slik at ein skapar forståing for problematikken og utviklar kompetanse for avdekking og handling.

6.10 NAV

NAV tilbyr tenester ein tidlegare fekk frå NAV arbeid, NAV trygd og kommunen si sosialteneste.

NAV utfører rettleiing og oppfølging av arbeidssøkjande, oppfølging av sjukemeldte, råd og rettleiing i høve søknad om grunn- og hjelpestønad, råd og rettleiing i bidragsaker, råd og rettleiing for å bidra til økonomisk tryggleik.

NAV Masfjorden kan bistå personar der det kjem fram opplysningar om vald. Ein kan etablere kontakt med krisesenter og eventuelt skaffe midlertidig kommunal bustad.

7.0 Ressursar i spesialisthelsetenesta, regionale og nasjonale.

7.1 DPS Bjørgvin

Distriktpsikiatrisk senter Knarvik, tar imot pasientar både til polikliniske tenester, gruppebehandling og ambulerande tenester for Nordhordland. Dei gjev eit breitt spekter av utgreiing, diagnostikk og behandling innan eit breitt spekter av psykiske helseutfordringar.

7.2 BUP Bjørgvin

Poliklinikk for psykisk helsevern for barn og unge mellom 0 – 18 år gjev tilbod om hjelp ved psykiske vanskar med førebyggjande arbeid, gjennomfører undersøkingar, gjev behandling og råd/retteleiing til personar som har psykiske helseutfordringar eller psykiske lidingar.

7.3 Overgrepsmottak

Overgrepsmottak er i dag eit helsetilbod til vaksne personar som har vore utsett for seksuelle overgrep, valdtekt eller vald i nære relasjonar. Føremålet er å hindre helseskader på kort og lang sikt. Tenestetilbodet ved overgrepsmottak skal ivareta tre hovudoppgåver; medisinsk undersøking, psykososial støtte og oppfølging, og rettsmedisinsk undersøking og sporsikring. Tenesta er ikkje lovfesta.

Det er eit overgrepsmottak ved Bergen legevakt, Solheimsgt.9 5058 Bergen Tlf. 55568760

7.4 Regionale ressursar

- Senter for incest og seksuelle overgrep
- Statens Barnehus
- Ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmondsførebygging (RTVS)

7.5 Nasjonale ressursar

- Senter for krisepsykologi
- Nasjonalt kompetansesenter om vold og traumatiske stress (NKVTS)
- Alternativ vold

7.6 Vern for eldre

Dette er ein nasjonal kontakttelefon der fagpersonar eller pårørande kan ringe og få hjelp og råd om det føreligg mistanke eller ein erfarer at den eldre er utsett for vald eller overgrep. Den som er direkte utsatt kan og ringe.

Kontakttelefon: 800 30 196

Opningstider måndag – fredag kl. 09.00 – 15.00

7.7 Nettressursar

Dinutvei.no er ei nettside der ein finn informasjon om vald i nære relasjonar, valdtekt og andre seksuelle overgrep. Der er informasjon til dei som er utsett, dei som utøver vald og til fagpersonar. Ein vil og finne oversikt over kva hjelpetilbod som finst.

Ein finn og fagstoff og ei teneste der ein kan stille spørsmål anonymt

Denne nettportalen er nyttig både for hjelpepersonar og for dei som måtte vere utsett.

7.8 Familievernkontoret

Bjørgvin familierådgivning dekker ulike omlandskommunar mellom andre Masfjorden kommune.

Tlf.55251150 bjorgvin.familiekontor@bufetat.no

Kontoret vert eigd av ein kyrkjeleg stiftelse, det er ikkje trong for henvisning. Alle familievernkontor jobbar etter dei same lovar og reglar.

7.9 RTVS

RTVS si oppgåve er å bidra til relevant kompetanseutvikling for dei som jobbar med å førebyggja traumelidingar og sjølv mord. RTVS Vest er lokalisert i Bergen. Ulriksdal helsepark Ulriksdal 2.

Tlf.55976695

7.9.1 Handbok for helse og omsorgspersonale ved mistanke om barnemishandling

Dersom ein skal oppdage barnemishandling i den kliniske kvardagen må ein ha både blick for symptom og våge å tenkje tanken at barnet kan vere utsett for mishandling, omsorgssvikt eller overgrep.

Denne nettprotalen er eit strukturert og nyttig verktøy for fagpersonell som er til hjelp i avdekking av overgrep.

Du finn nettprotalen på nktvs.no

8.0 Formelle bestemmelsar

Alle tilsette har etter respektive lover ein ulik rett og plikt til å meddele seg til kvarandre og til andre. Dei ulike lovene vil også regulere samarbeidet mellom dei ulike aktørane. Ei målsetjing for dette planarbeidet er å styrke hjelparane gjennom kunnskap og samhandling, difor finn ein det rett å gå gjennom relevant lovverk.

8.1 For helsepersonell

8.1.1 Teieplikt

Som helsepersonell har ein ei pålagt, lovfesta teieplikt. Teieplikta skal ikkje vere til hinder for å vurdere samarbeid til barns beste. Grunnelementet i denne er forbodet mot å gje opplysningar om ein pasient til andre. Om ein som helsepersonell fråvik eller bryt teieplikta utan å vere innanfor dei gjeldande lovlege rammene, kan det medføre straffereaksjonar i form av bot eller fengsel. I andre tilfelle kan ein ha rett, men ikkje plikt til å fråvike teieplikta. Då vil anten opplysningsplikt, meldeplikt, avvergeplikt, taushetsrett og opplysningsrett vere gjeldande. 19

8.1.2 Opplysningsplikt

Ein har opplysningsplikt om barnevernet ber om opplysningar i ei sak kor det er mistanke om omsorgssvikt, fysisk mishandling, seksuelle overgrep mm (Helsepersonellova §33). Dette gjeld også spørsmål vedkomande ei gravid kvinne som vert mistenkt å bruke alkohol eller andre rusmidlar som kan vere til skade for eit foster (Helsepersonellova §32).

8.1.3 Meldeplikt

Her gjeld det same som under opplysningsplikt, med den ulikheten at det er **du** som må ta initiativ og melde frå om du har mistanke om omsorgssvikt og overgrep mot barn, ev. skade på foster

8.1.4 Avvergeplikt

”Avverge” tyder å forhindre ei eventuell framtidig straffbar handling. Ein har ikkje plikt til å melde frå om straffbare handlingar som er utført. Avvergeplikta gjeld generelt, der ein veit med sikkerhet – eller ser det som mest sannsynleg – at ein person vil føreta seksuelle overgrep, påføre nokon alvorleg skade (inkludert alvorleg psykisk mishandling) eller ta livet av eit anna menneske (Straffelova §196).

Det finst også ei meir spesiell form for avvergeplikt som omhandlar mistanke om snarleg kjønnslemlestelse av jenter og kvinner (Straffelova §284).

Ved avvergeplikt kan ein straffedømast for å unnlata å varsle til politiet.

8.1.5 Opplysningsrett og teierett

Med opplysningsrett og tausheitsrett meiner ein moglegheita for å formidle eller unnlata å formidle opplysningar til andre. Eit døme kan vere å bruke opplysningsretten når ein har samtykke til det, å vidareformidle noko om ein pasient sin situasjon. Men sidan dette er ein rett, og ikkje ei plikt, kan du i slike tilfelle velje om du vil gjeve informasjon eller ikkje.

Unntaksvis kan det også formidlast opplysningar til samarbeidspartar utan pasienten sitt samtykke. Dette gjeld når fare for alvorleg helseskade er stor, samstundes som du er i tvil om situasjonen er alvorleg nok til å nytte reglane om avvergeplikt (Helsepersonellova §23 nr 4).

8.2 Barnehage, skule, SFO og andre forvaltningsorgan

8.2.1 Teieplikt

Som offentlig tilsatt i barnehage, skule eller SFO eller andre forvaltningsorgan, har du pålagt, lovfesta teieplikt. Grunnelementet i denne er forbodet mot å gjeve opplysningar om barn og foreldre til andre. Dersom du som offentlig tilsett fråvik eller bryt teieplikta utan å vere innanfor dei lovlege rammene, kan det medføre straffereaksjonar i form av bot eller fengsel. I nokre tilfelle må du imidlertid fråvike teieplikta. Då vil anten opplysningsplikt, meldeplikt, avvergeplikt, teierett eller opplysningsrett vere gjeldande.

8.2.2 Opplysningsplikt

Du har opplysningsplikt om barnevernet bed om opplysningar i ei sak kor det føreligg mistanke om omsorgssvikt, fysisk mishandling, seksuelle overgrep mm (Opplæringslova §15-3 og Barnehagelova §22).

8.2.3 Meldeplikt

*Ved meldeplikt gjeld det same som ved opplysningsplikt, med den forskjellen at det er **du** som må ta initiativ og melde frå om du har ein mistanke om omsorgssvikt eller overgrep.*

8.2.4 Avvergeplikt

”Avverge” vil sei å forhindre ei eventuell straffbar handling. Du har ikkje plikt til å melde frå straffbare handlingar som allereie er utført. Avvergeplikta gjeld generelt, der du veit med sikkerhet – eller ser det som mest sannsynleg – at ein person vil føreta seksuelle overgrep, påføre nokon alvorleg skade (inkludert alvorleg psykisk mishandling), eller ta livet av ein annan person.

Det finst også ein meir spesiell form for avvergeplikt som omhandlar mistanke om snarleg kjønnslemlestelse av jenter og kvinner (Straffelova §284).

Ved avvergeplikt kan du straffedømast for å unnlete å melde frå til politiet.

8.2.5 Opplysningsrett og teierett

Med opplysningsrett og teierett meiner ein moglegheita for å formidle eller unnlate å formidle opplysningar til andre. For eksempel kan du bruke din opplysningsrett når du har samtykke frå ein myndig vaksen eller foresatt til å vidareformidle noko om eit barn sin situasjon. Men sidan dette er ein rett, og ikkje ei plikt, kan du i slike tilfelle velje om du vil gje informasjon eller ikkje. 21

Om det er nødvendig for å ivareta skulen eller barnehagen sine oppgåver og ansvar, kan det unntaksvis også gjevast opplysningar vidare til samarbeidande offentlege instansar. Eit døme på det er å rådføre seg med barnevernet i saker kor ein ikkje er sikker på om det er tilstrekkeleg grunnlag for bekymringsmelding (Forvaltningslova §13b, nr 5). Ved behov for å politianmelde uakseptabel atferd

frå foreldre, kan Forvaltningslova §13b, nr 6 nyttast. Tilsvarande gjeld andre forvaltningsorgan som ikkje er helserelatert. Unntak kan førekome, td Lov om sosiale tenester i NAV. Domstolane og Påtalemyndigheten vert ikkje rekna som Forvaltningsorgan, og har difor egne reglar.

9.0 Mål og tiltak handlingsplan

9.1 Hovudmål

Valdsutette skal oppleve at heile hjelpeapparatet i Masfjorden har den same kunnskapen om og forståing av problematikken og at dei instansar tar problemet på alvor og bruker sin kompetanse og sine tiltak for at vedkomande skal få den hjelpa han/ho og familien treng.

9.1.1 Delmål 1: Oppdage og melde vidare

Tilsette har tilstrekkeleg kompetanse til å oppdage og vite kva ein skal gjere ved vag eller konkret mistanke om vald og overgrep.

9.1.2 Avdekking og avverging

Tilsette har god kjennskap til korleis ein kan avdekke og avverge mistanke om vald og overgrep.

Hjelpeapparatet i kommunen har gode rutinar for samarbeid med instansar som vil ha ei sentral rolle ved avdekking og avverging av vald og overgrep. Dette gjeld blant anna samarbeid med barnevern, politi, krisesenter og Barnehuset i Bergen.

Opprette 2 valdscoordinatorar i kommunen. Tilføre det i stillingsomtalen til to personar som allereie er tilsett i kommunen.

9.1.3 Delmål 3: Oppfølging av behandling

Personar som er utsett for vald og overgrep skal få god oppfølging og behandling lokalt både frå barnevern, lege, kommunale psykiatri og NAV. Ved behov for behandling ut over det kommunen kan gje, skal dei sikrast henvisning vidare. Henvisning vidare til BUP, VOP, rusomsorg, familievern, krisesenter eller andre.

9.2 Eksisterande, førebyggjande og behandlande tiltak i Masfjorden kommune

Førebygging på tidleg tidspunkt kan redusere vald, og bidra til å hindre at vald oppstår og stansar pågåande vald.

Masfjorden kommune har gode førebyggjande og behandlande tiltak mot vald i nære relasjonar. Følgjande eksisterande tiltak kan fungere førebyggjande mot vald – og overgrep (lista er ikkje utfyllande)

- Tverrfagleg samarbeid

- ICDP

- Flyktningtenesta, tilbyr introduksjonsprogram til alle nye flyktningar som skal busette seg i kommunen.

- Vaksenopplæring, tilbyr norskopplæring (gratis) til alle som har rett og plikt til norskopplæring, og til alle utan denne retten.

- MOT

- Helsestasjon

9.3 Tiltak

9.3.1 Tiltak 1: Årlege halvdags- eller heildags kompetansehevingseminar

Ansvar: Oppvekstleiar og helse- og omsorgsleiar har ansvar for invitasjon og innhald, i samarbeid med tverrfagleg støtte team. Tilsette i kommunen har ansvar for å prioritera å delta.

Når: Frå hausten 2019

9.3.2 Tiltak 2: Utarbeide handlingsrutinar, prosedyrar, sjekklister, rettleiar m.m.

i høve til tiltaksplan utarbeidd på kompetansehevingseminar hausten 2013

Ansvar: Leiar for dei ulike tenesteområda.

Når: Følgje fristar i tiltaksplanen som vert laga for ein toårsperiode.

9.3.3 Tiltak 3: Lage oversikt over oppfølgings-/behandlingstilbod lokalt og regionalt

Ansvar: Oppvekstleiar og helse- og omsorgsleiar

Når: Seinast innan utgangen av 2019

9.3.4 Tiltak 4: Lokal tals-/støtteperson

Gje personar som har blitt utsett for vald og overgrep ein lokal tals-/støtteperson.

Ansvar: Oppvekstleiar og helse- og omsorgsleiar i samråd med den valdsutsette

Når: Fortløpande

10.0 Tiltakskort

10.1 Tiltakskort barn og unge (0 - 18 år)

Masfjorden kommune har utarbeida tiltakskort for kva ein skal gjere ved mistanke om overgrep. Dette er kort som skal vere kjent i alle kommunen sine avdelingar som arbeidar med barn, unge, vaksne og eldre.

Tiltakskort barn og unge



Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724

5981 Masfjordnes

TILTAKSKORT VED MISTANKE OM

VALD OG SEKSUELLE OVERGREP

Gjeld barn (0 - 18 år) :

- Ved mistanke om overgrep kan ein be om ein fortruleg samtale med sakkunnige knytt til organisasjonen (t.d. PPT-tenesta/skulehelsetenesta/psykisk helseteneste)
- **Er det grunn til å tru at barn vert utsette for vald eller overgrep skal saka meldast til:**

Barnevern tlf. 997 92 109 / politi tlf. 02800

Barnet skal sikrast i samråd med barnevernet

- Det skal **ikkje** meldast ifrå til foreldre/omsorgspersonar viss det er mistanke om vald eller overgrep.
- Det er sjølvstendig **meldeplikt** for alle som arbeider med barn, viss det grunn til å tru at barn vert utsette for vald eller overgrep.

Det er føremålstenleg å drøfte med leiar, og at det er leiar som står ansvarleg for meldinga.

10.2 Tiltakskort vaksne (frå 18 år)



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

TILTAKSKORT VED MISTANKE OM

VALD OG SEKSUELLE OVERGREP

Gjeld vaksne personar (frå 18 år) :

- Vaksne har i utgangspunkt ansvar for seg sjølv
- Den som oppdagar vald eller seksuelle overgrep mot vaksne, har eit ansvar for å prøve å hjelpe personen ut av dette.
- I ein situasjon der vaksne ikkje kan ta vare på seg sjølv, må dette meldast til politiet. Det kan takast opp med verje, men dette i seg sjølv er ikkje nok.

11.0 Kontakttelefonar

1. **Politi tlf. 02800**
2. **Legesenter tlf. 56 16 63 00**
3. **Krisesenter tlf. 55 31 50 50**
4. **Vern for eldre tlf. 800 30196**

